



Ingebjørg Haugland er ei av mange flinke idrettsungdommar i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidet med å laga utkast til Kommuneplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø for Kvinnherad kommune starta onsdag.

Av dei ni medlemmene i prosjektgruppa som skal arbeida fram utkastet til kommunestyret, er det fire frå Uskedalen.

Dei fire er kultursjef Kristian Bringedal, Per Myklebust frå Kvinnherad Idrettsråd, Ivar Kåre Døssland frå Tekniske tenester og Torfinn Myklebust frå Formannskapet.

Arbeidet skal vera å utarbeida målsetjing for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet, og setja mål for anleggsutbygging og sikring av areal til idrett

og friluftsliv. Vidare skal det veljast strategiar for å nå måla og evaluera planar.

Dette er eit omfattande arbeid som skal vedtakast i kommunestyret neste haust. Det vil vera opne møte og høyringsrundar på vegen mot kommunestyrevedtaket.

Sissel Aarseth frå Kulturkontoret er prosjektleiar, Alexander Løyning og Tonje Olsen Haga møter i nemnda frå Ungdommens kommunestyre, Arne Handegard frå Planavdelinga og Tor Harald Bringedal frå Husneshallen.

Av Torfinn Myklebust